

Amalia Høydal
Tveitevegen 40
5966 EIVINDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8739 - 21/70570

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 465/11 Frotale

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 465/11
Tiltakshavar: Amalia Høydal
Ansvarleg søkjar: Hyttetorget AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- 1. Nabovarsling.** Naboeigedomar skal nabovarslas i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4, 2. (sjå vedlagt naboliste)
- 2. Situasjonsplan.** Plassering av avløpsanlegg, leidningsnett og utsleppstad skal visast i kart. Avstand til veg, nabogrense og bygning skal vere påført kartet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.11.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av Forureiningsforskrifta § 12-5.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Amalia Høydal
Hyttetorget AS

Tveitevegen 40
Postboks 2036

5966
3202

EIVINDVIK
SANDEFJORD